

Teneste	Tiltak	2020	2021	2022	2023	Tiltaksbeskrivelse
Helse og omsorg	Leasing av store minibussar	300 000	300 000	300 000	300 000	Leasing av minibuss til transport av brukarar til og frå dagaktivitetstilbod. Til saman 3 vert skifta ut i 2019 og 2020. Alternativt må ein legge inn ca 7-800 000 til kvar minibuss i investeringsplan framover.
Helse og omsorg	Bilutgifter tenestebilar helse og omsorg	300 000	300 000	300 000	300 000	Både utgifter til drivstoff og vedlikehald har vore større enn budsjettet dei seinaste åra. 300 000kr er ikkje nok til overskridingane.
Helse og omsorg	Utvida dagaktivitetstilbod	500 000	500 000	500 000	500 000	For å førebygge behov for meir omfattande pleietenester vil kommunen utvide dagtilbod for personar med behov.
Helse og omsorg	Transportutgifter brukarar helse og omsorg	300 000	300 000	300 000	300 000	Behovet og forbruket har vore aukande siste åra.
Helse og omsorg	Samla hjelpemiddellager	450 000	450 000	450 000	450 000	Noverande hjelpemiddellager er plassert saman med matleveringa til Voss sjukeheim. Dette er ikkje ei god løysing når det gjeld miljø og tryggleik. Hjelpemiddelsentralen vil dessutan berre levere til ein stad pr. kommune, så lageret i Granvin må avviklast (iallfall som leveransestad).
Helse og omsorg	Ekstra turnuslege	300 000	300 000	300 000	300 000	Voss må framover ta i mot to turnuslegar. Den eine må i så fall plasseras hjå privatpraktiserande lege og fører til ekstra utgifter for heradet.
Helse og omsorg	Kirkens Bymisjon, individuell jobbstøtte og orntli arbeid	1 100 000	1 650 000	1 700 000	1 700 000	Tiltak for å få vanskeligstilte ut i arbeid. Beløp er kommunen sin eigendel
Kultur og fritid	Auka dekningsgrad kulturskule	200 000	200 000	200 000	200 000	30 % dekningsgrad. I dag har Granvin ein dekningsgrad (elevar i kulturskulen i % av tal barn totalt) på 67 % og Voss på 17 %. Det er eit nasjonalt mål at 30 % av alle barn går i kulturskulen. Det er estimert behov for oppjustering over 5 år med 20% stilling årleg.

Kultur og fritid	Auka tilskot til tru- og livsynssamfunn	100 000	100 000	100 000	100 000	Sidan 2015 har medlemstal tilhøyrende den norske kyrkja i % av alle innbyggjere på Voss har gått ned frå 85,6% i 2015 til 82,7 i 2018, i Granvin frå 84,7% til 83%. Samstundes har tal medlemar tilhøyrende livssynsamfun utanfor kyrkja har gått opp frå 4,2% til 5,8% og i Granvin frå 3,5% til 6,0%. Resultatet er at lovbestemt tilskot til livsynssamfunn har gått opp og bør justerast opp til dagens nivå.
Kultur og fritid	Moderasjonsordningar kulturskule	350 000	350 000	350 000	350 000	Kulturskulen i Granvin har 30 % moderasjon i eigenbetalinga for syskjen, og 50 % moderasjon for tilbod nr. 2. I Voss kommune er det ikkje moderasjonsordningar. Kostnaden er knytt til oppdekking av tapt inntekt i kulturskulen og gjev ikkje auka kapasitet. Berekninga bygger på dagens elevsamansetting og vil variera frå år til år. Det er særleg syskjenmoderasjonen administrasjonen meiner er rett å innføre.
Kultur og fritid	Barnebibliotekar	-	350 000	350 000	350 000	Dette er eit tiltak i kulturplanen til kommunen, og omfattar tilsetjing av ein barnebibliotekar i 100 % stilling. Vedkomande bør også vera ein ressursperson for dei ansvarlege for skulebiblioteka. jf. Plan for opplæring i lesing

Oppvekst	Styrking av barnevernet	2 785 000	2 785 000	2 785 000	2 785 000	<p>I høve mengde saker og større kommune, er det behov for å styrke barnevernet med éi ekstra sakshandsamarstilling. Målet er 15 saker pr. sakshandsamar. I dag er talet 25. Må også ha ressursar til førebyggjande arbeid og tidleg innsats, med estimert sum på kr. 675 000,-</p> <p>Barnevernet ytrar trong for ein permanent stilling for nestleiar. Denne skal fungere i leiar sitt fråvære og også, saman med leiar ha eit særleg dagleg ansvar i høve fag, personale og økonomi. Nestleiar er særskild viktig i høve at i barnevernet oppstår det hendingar og arbeidsoppgåver som må handsamast akutt. Estimert sum er kr. 810 000,-</p> <p>To miljøterapeutstillingar Det er ynskjeleg å styrke kapasitet til barnevernet for å følge opp saker over tid. Forsking tilseier at å setje inn hjelpetiltak direkte i heimen for å få til endring i foreldre og barn si fungering, er av stor betydning. Kr. 1 300 000,-</p>
Oppvekst	Oppretthalde to stillingar PPT	1 300 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000	<p>For PPT er det viktig å oppretthalde tal tilsette som dei har i dag. Alle avtalar som gjeld interkommunalt samarbeid er oppsagt og må reforhandlast, etter ny kommunestruktur. Avtalen om interkommunalt samarbeid med Ullensvang utgår pr. 01.06 2019. Ullensvang har bidrege med om lag to stillingar. Avdelinga ynskjer å behalde desse to stillingane vidare.</p>
Oppvekst	Rekrutteringsprogram for helsesjukepleiarar	650 000	-	-	-	<p>Det er pr. i dag svært vanskeleg å få tak i kvalifiserte helsesjukepleiarar. Det er ynskjeleg at det vert lagd eit rekrutteringsprogram både for kvalifiserte helsesjukepleiarar og for sjukepleiarar som kan ta utdanning som helsesjukepleiar</p>

Oppvekst	Styrking av helsestasjonen	380 000	380 000	380 000	380 000	Auka kapasitet helsestasjon Helsestasjonen har i dag ca 70% legestilling til skulehelsetenesta og 10% stilling for fysioterapi til spedborn. Det er ynskjeleg å auka legestillinga opp til ein 100% stilling og fysioterapeut til 20 %. Dette for at legen kan vere med ut på skulane i større grad enn no. Kr. 300 000,-
Oppvekst	Koordinatorstilling 50 % - Helsestasjon i samarbeid med helse og omsorg	350 000	350 000	350 000	350 000	Det er trong for 50% stilling til administrasjon av Individuelle planar, ansvarsgrupper og pakkeforløpskoordinator for pasienter i Psykisk helse.
Oppvekst	Modulbasert opplæringsmodell - Introduksjonsprogrammet	370 000	370 000	370 000	370 000	Målet med dette er å få eit tydlegare/meir forståeleg kvalifiseringsløp. Vil kome som eit pliktig organisering av introduksjonsprogrammet. ICDP (eit foreldreretteiingsprogram) vil i tillegg vert ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet, og vil føre til auka behov for ressursar.
Oppvekst	Fleire barnehageborn Tueteigen	500 000	500 000	500 000	500 000	Granvin herad fekk ein auke i søknadar til barnehagen frå hausten 2018. Det var ei netto auke på 29 plassar som aukar behovet for bemanning. Det vart gjort ekstra løyving til dette som revidering av budsjett i Granvin i 2019.

Teknisk	Driftsutgifter i samband med investeringstiltak i uteområde	200 000	400 000	400 000	600 000	Driftsutgifter i samband med investeringstiltak. I samband med utvikling av ny sentrumsplan skal det utarbeidast fleire strategiar for kva som skal til for å få ynskja utvikling i sentrum. Eit av dei viktigaste tiltaka er å få sikra og opparbeida gode byrom. Det skal utarbeidast ein byromstrategi som vil ha prioriterte tiltak for opparbeiding. Det må setjast av pengar til utvikling og opparbeiding. Det må vere eit satsingsområde og denne utviklinga vil krevje offentlege midlar. Det kan både mellombelse og permanente tiltak. Rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget utløyer trong for 2 mil kr til gjennomføring av trafikale løysingar i peioden 2020-2021.
Teknisk	Stell, vedlikehald og tilsyn av opparbeida uteområde	700 000	700 000	700 000	700 000	Behov for 1 ekstra årsverk til stell, vedlikehald og tilsyn av opparbeida uteområde: Strandsoneareal aukar Ny aktivitetspark Sentrum auka ansvar etter matrikulering av areal frå Statens vegvesen (Uttrågata, fortau Ringheimsv. mm) samt auke i areal for Voss Parkering AS (påtek seg ansvar for private i sentrum)
Teknisk	Omsorgsbustader Udlabu, forvaltning, drift og vedlikehald	375 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV). Heradet bør setje av midlar til å halde bygget.
Teknisk	Godkjend garderobe brannstasjon Granvin	100 000	100 000	100 000	100 000	Det er behov for oppgradering av garderobe for å stette krav.
Teknisk	Reasfaltering vidareføring	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000	Driftsbudsjettet i tidlegare Voss kommune fekk i 2018 tilført 3 mill til reasfaltering (tiltak 6.01 i 2018) og 6 mill til vedlikehald og reasfaltering av kommunale vegar (tiltak 6.01 i 2018 og tiltak 6.9 i 2019). Tiltak for reasfaltering av vegar bør vidareførast i Voss herad i 2020-2023.

Teknisk	Nye brøytekontrakter og endra brøyteinstruks frå 2020	900 000	900 000	900 000	900 000	Estimert prisvekst på nye brøytekontraktar.
Teknisk	Granvin 50 km veg, oppjustering til vedlikehaldsnivå Voss	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	For å oppjustere veg i Granvin til vedlikehaldsnivå på Voss.
<b>Sum</b>		<b>19 010 000</b>	<b>20 585 000</b>	<b>20 635 000</b>	<b>20 835 000</b>	